



Bremanger kommune

Møteprotokoll

Utval: Eldrerådet
Møtestad: Rådhuset
Dato: 10.06.2026
Tid: Kl. 10:30 - 13:30

Følgjande medlem møtte	Parti
Björg Lofnes	
Petter Mulelid	
Aage Kvendseth	
Kjell Sørland	VIP

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti
Reidun Lovise Grotle		Ingen vara møtte	

Underskrifter:

_____	_____	_____
_____	_____	_____

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
015/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
016/26	Godkjenning av møteprotokoll
017/26	Referatsaker
018/26	Drøftingssak
019/26	Orienteringssaker
020/26	Gjennomgang av saklista til Kommunestyret
021/26	Saker som kjem til

015/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i Eldrerådet den 10.06.26 vert godkjende slik dei ligg føre.

Eldrerådet 10.06.2026:

Handsaming:

ELD- 015/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i Eldrerådet den 10.06.26 vert godkjende slik dei ligg føre.

016/26: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokoll for Eldrerådet den 13.05.26 vert godkjend og skriven under slik den ligg føre.

Eldrerådet 10.06.2026:

Handsaming:

ELD- 016/26 Vedtak:

Møteprotokoll for Eldrerådet den 13.05.26 vart godkjend og skriven under slik den ligg føre.

017/26: Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til vitande.

Eldrerådet 10.06.2026:

Handsaming:

Eldrerådet støttar Fylkeseldrerådet sitt vedtak i sak 17/26 – Gjennomgang av reglementet for TT-ordninga, samt sak 18/26 om korleis Vestland fylkeskommune skal arbeide for å oppfylle målet om eit aldersvennleg Vestland.

Budsjettsamling

Det var budsjett-samling for kommunestyret den 21 mai, og Aage var til stades på møte.

Randi Ytrehus har laga ei oppsummering etter den summinga som var gjort på møte, med innspela som kom inn.

Aage har innspel til sjølve dagen – ønska mogelegheit til å sende inn innspel på førehand, ønsker at gruppene kunne vore meir spreidd på huset, slik at det vart betre å høyre, samt at gruppene var inndelte slik at dei passa deltakarane betre. Han ønska slike budsjettsamlingar årleg. Tilbakemeldingar frå gruppene i plenum er ikkje særleg frukbart. Han takka for gode

og utfordrande innleiingar. Desse punkta vart meldt til Randi Ytrehus

ELD- 017/26 Vedtak:
Referatsaker vert tekne til vitande.

018/26: Drøftingssak

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Drøftingssaker vert teke til vitande.

Eldrerådet 10.06.2026:

Handsaming:

Fagdag om tannhelse

Eldrerådet ønskjer, etter råd frå fylkestannlegen, at det vert arrangert ein fagdag for tannhelse.

Eldrerådet ønskjer at det i løpet av det komande året vert arrangert ein open fagdag for helse, helst både i indre og ytre – minimum ein av stadane.

Sekretær sender innspel til Randi Ytrehus.

ELD- 018/26 Vedtak:
Drøftingssaker vert teke til vitande.

019/26: Orienteringssaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Orienteringssaker vert teke til vitande.

Eldrerådet 10.06.2026:

Handsaming:

Orientering Randi Ytrehus:

Presentasjonen Randi nytta i møte vart sendt ut til medlemmane i etterkant av møte.

Randi viser organisering i helse og omsorg, og kva tenester som ligg under helse og omsorg.

Gjennomgang av legevakt, legevaktsatelitten og legevaktsentralen.

Innspel frå Aage : Psykisk helse – kvar kommune bør ha psykolog fast tilsett i kommunen.

Har tilknytt kompetanse med psykolog som ein kan drøfte med. Psykolog ligg til

spesialisthelsetenesta. Vi må sjå på kva grensegangen ligg for kva ein kommune skal drive med og kva sjukehusene skal drive med. Fastlege kan henvise til psykolog, men vi må reise for å få det.

Har hatt ein ordning i samarbeid med andre kommunar tidlegare, der vi hadde psykolog delt på fleire kommunar, men utfordringa var å få folk tilsett i stillinga, og få dei til å bli.

Budsjett for 2026 er på 195 000 000.

Har 197 årsverk fordelt på 241 tilsette.

Ligg i Kostra gruppe 5.

Har god dekningsgrad for institusjonsplass i forhold til andre kommunar.

Nokon av dei andre kommunane bygg meir opp i forhold til heimeteneste, vi har hatt fokus på å gje raskare mogelegheit for institusjonsplass, sidan vi ikkje har tenester på natt i heimetenestene. Vi vil truleg ikkje ha mogelegheit til å bygge opp begge tenestene, då vi ikkje har nok tilsette til å betene oppgåvene.

I Bremanger kommune er det 67 per 1000 innbyggjar som får heimetenester. På generell basis er det 58 per 1000 innbyggjar i gjennomsnittet i gruppe 5.

Målet i helse og omsorg : Levere rett teneste til rett tid.

Fleire tenestemottakarar ;

- Har fleire utviklingshemma enn gjennomsnittet, 80% av dei over 18 år bur i bustadar med bemanning.
- Vi har mange barn og unge i fosterheim.
- Psykisk helse og rus: fleire og komplekse behov
- Fleire eldre

Psykisk helse og rus

Har elvavegen som no er fult opp, har behov for noko meir enn det som er per i dag.

Er under arbeid no, skal politisk handsamast.

Musikkterapi

Prosjektstilling ut 2026

Målgruppa er barn, unge og eldre – i grupper og individuelt.

Skjeringspunktet mellom kultur, spesialpedagogikk og helse.

Mogeleg effekt:

- Førebygging
- Positive assosiasjonar
- Styrka sjølvbilde og oppleve meistring
- Skape indre og ytre ro
- Førebygg einsemd og isolasjon
- Samlande og sosialt
- Styrke evne til samspel
- Auka livskvalitet

Utfordringar

- Demografiske endringar
- Fleire yngre som treng tenester
- Rekruttere og behalde
- Økonomi
- Oppgåvegliding
- Bruk av vikarar frå vikarbyrå

Velferdsteknologi og responscenter

- Alarmsentralen IKS er vårt responscenter
- Felles innkjøpsavtale
- Har 81 tryggleiksalarmar – dei fleste har òg røyksensor
- GPS i bruk (5 i 2025)
- 29 digitale tilsyn (2025), 1 kamera og resten sensorar, td. Dørsensor på institusjon
- 40 medisindispensarar
- Pasientvarslingsanlegg på institusjon

- Kollegavarsling

Fleire mogelegheiter

- Fleire mogelegheiter i velferdsteknologi, eksempelvis nattugle (kameraovervåking)
- Kan sleppe besøk på rommet på natt
- Kan gje auka tryggleik

Orientering Karl Vidar:

Gangveg/snarveg ved Klokkartunet

Fylkeskommunen er veg-eigar for vegen som går ved bussplassen, så det må søkast om dispensasjon i forhold til veglova for å få gjort noko med problemet.

Søknaden skal sendast no snart, for å få laga til ein planert gangveg/snarveg ned.

Aage presiserer at det er svært viktig at det vert sett opp gelender, og det må vere på begge sider. Vaktmeister bør kunne brøyte den vegen på vinter.

Eldrerådet ber om å bli orientert vidare i prosessen. Eldrerådet er samrøystes i at det helst bør vere trapp med gelender på begge sider om lag midt på strekninga.

Helsehuset

Arbeider no med å frådele helsehuset, dersom det går i orden vil dei flytte brannstasjonen til gamle farmen. Der er ein prosess i gang med dette.

Tanken er då å selje helsehuset. Det er alt vist interesse i bygda for dette, og huset vert i så fall lagt ut på det opne markedet.

ELD- 019/26 Vedtak:

Orienteringssaker vert teke til vitande.

020/26: Gjennomgang av saklista til Kommunestyret

Eldrerådet 10.06.2026:

Handsaming:

Ingen merknad til nokon av sakene.

ELD- 020/26 Vedtak:

021/26: Saker som kjem til

Eldrerådet 10.06.2026:

Handsaming:

ELD- 021/26 Vedtak:

Ingen saker kom til i møte.

